



Piggdekk er "in" i Uskedalen, men ikkje i Bergen, understrekar Lars Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Den 1. november var datoen for dekkskift og no er det stor pågang hos Auto 88 i Uskedalen. Dei fleste skiftar til piggdekk her i bygda.**

Det opplyser verksmeister Lars Myklebust til uskedalen.no. Det er ikkje nokon tendens til meir bruk av

heilårsdekk Uskedalen sjølv om fleire har prøvd det.

- Folk ventar i det lengste. Natt til torsdag var den første frostnatta med tendens til glatte vegar og då vart det med ein gong kø av folk som ville skifta dekk. No går det slag i slag og litt ventetid blir det. Vi må ta dekkskiftet innimellom dei andre arbeidsoppgåvene på verkstaden, sa Myklebust fredag føremiddag.

Men samtalemnet mann og mann i mellom også i Uskedalen når det gjeld køyring og dekk er piggdekkforbodet i Bergen som no gjeld. 'Frisk luft i Bergen hele året' er slagordet som ligg i botnen. Også i Bergen er forureinsa luft i perioder eit problem som fører til store helsepolager. No køyrer meir enn 37.000 biler med piggdekk i Bergen og på kalde vinterdagar danner det såkalla Bergenslokket seg over byen. På slike dagar er Bergen like forureina som i store byar på kontinentet.

Frå no og til og med 15. april må det difor betalast gebyr for å køyra med piggdekk innanfor kommunegrensene i Bergen. Køyrer ein piggfritt, slepp ein gebyr. Det rimelegaste gebyralternativet er å kjøpa sesongoblat (1.200 kroner), men ein kan og kjøpta månadsoblat (400), døgnoblat (30) eller skrapeoblat (30).. Oblatane skal festast synleg i frontruta.

Skrapeoblatane er gyldige i 24 timar og her skrapar du av sjølv og markerar tidspunktet for når du køyrer innanfor kommunegrensene. Du kan altså kjøpa mange skrapeoblatar og nytta dei etter behov.

Om du ikkje har sesong-, månads- eller skrapeoblat, kan du kjøpa døgnoblat med inntil tre døggers varigheit på automatstasjonar. Det er til dømes automatstasjon ved bygrensen mot Os.

Ein kan bestilla alle oblatar utanom døgnoblatar på internett ([www.mrpusten.no](http://www.mrpusten.no)) og døgnoblat på Teletorget (820 45150). Du kan og nytta SMS for å bestilla døgnoblat. Skrapeoblatar kan kjøpas mange stader, til dømes på Statoilstasjonen i Dimmelsvik. Det er berre Statoil av bensinstasjonar som sel døgnoblat.

Av Ola Matti Mathisen